

AT Skog

Dato: 09.12.2025
Vår referanse: 2025/8749-2
Sakshandsamar: Per Wraa

Delegert vedtak
Kommunalsjef kultur, næring og fritid - nr. 295/25

51/2 - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Vedtak

Med heimel i Forskrift om planlegging og bygging av veier for landbruksformål, jf. skoglova §7 og Naturmangfoldlova §7, godkjennast bygging av om lag 100 meter landbruksveg klasse 7 på eigedom med gnr/bnr 51/2 i Vinje.

Det setjast fylgjande vilkår for godkjenninga

- Det skal takast generelle miljøomsyn ved gjennomføring av arbeidet, og området skal etter avslutta anlegg i størst mogleg grad setjast attende til opprinneleg stand.
- Om det under arbeid i felt kjem fram gjenstandar eller levningar som syner eldre aktivitet i området, må arbeidet stanses og melding sendast Telemark Fylkeskommune omgåande, jfr. kulturminnelovas § 8. Dette pålegg må formidlas til den som utfører arbeidet i felt.
- Godkjenninga fell bort om ikkje veganlegget er påbegynt innan 3 år frå dags dato.

Saka er handsama administrativt etter fullmakt frå kommunedirektøren, jf. delegeringsreglementet: delegering til kommunedirektøren i vegsaker som ikkje er av prinsipiell karakter, og FOR 1996-12-20 nr 1200: forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål.

Bakgrunn

Marit Kåsa og Kristian Solbakken eig eigedom med gnr/bnr 51/2/ i Vinje. Eigedomen er på 4.486 da, av dette er 2.930 da registrera som produktiv skog.

Kåsa og Solbakken ynskjer å drive ut tømmer frå eigedomen, frå eit område utan tilfredsstillande vegnett. Gjennom AT-Skog blir det difor søkt om løyve til å bygge ein landbruksveg på eigedomen, jf. kart som er vedlagt søknaden. Jf. Forskrift om planlegging og bygging av veier for landbruksformål, må skogeigar som ynskjer å byggje bil- eller traktorveg søkje kommunen om godkjenning, før anlegget tek til.

Vurdering

Saka skal vurderast etter § 7 i Naturmangfoldlova og avgjerast etter krava i "Forskrift om planlegging og bygging av veier for landbruksformål" av 1996.

Naturmangfaldlova

§ 7. (prinsipp for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12) Prinsippa i §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig myndigheit, også når eit forvaltningsorgan tildeler tilskot, og ved forvaltning av fast eigedom. Vurderinga etter første punktum skal gå fram av slutninga.

Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål

§ 2-1. Søknadsplikt

Bygging av nye landbruksvegar og ombygging av eksisterande vegar kan ikkje gjerast utan løyve frå kommunen.

§ 3-3. Vedtakets innhald m.v.

Saker som handsamast etter forskrifta skal vurderast med landbruksfaglege og miljøfaglege omsyn, jf. § 1-1. Vedtaket må bygge på at dei landbruksressursar vegen har betydning for skal kunne utnyttast på ein rasjonell og rekningsssvarande måte.

Området som skal drivast er i dag utan tilfredsstillande vegløyving, og stignings- og driftstilhøve tilseier at ein enkel veg er naudsynt for å få ut ståande skog. Vegen skal dekke skogbruket åleine, det er heller ikkje andre interesser inn i vegen pr. d.d. Vegen er ikkje i kontakt med offentlig veg, det er heller ikkje naboar som er berørte av nyanlegget. Vegen skal åleine dekkje eit areal på 186 da produktiv skog, med om lag 1200 m³ ståande volum. Vegen har ei oppmålt lengde på om lag 100 meter, og har ein berekna kostnad på 12.000,- kroner. Vegen skal byggast som enkel driftsveg/landbruksveg klasse 7, Anlegget er varig og vil få fylling/skjerung meir enn ein meter, og er difor søknadspliktig. Inngrepet vil auke tilgjenge i området for ettertida. Det er skogbruksleiar ved AT-Skog som har utarbeida søknaden på vegne av søkjar.

Tiltaket er vurdert etter Naturmangfaldslovas §§8 – 12 ved søk i alle tilgjengelege basar. Vidare er tiltaket sjekka opp mot MiS-registreringar gjort i samband med skogbruksplanlegging. Det er ikkje funne miljøregistreringar som kjem i konflikt med tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget om naturtypar og artsmangfald vurderast som god, og tiltaket vurderast med det ikkje å forringe eller truge artsmangfaldet eller spesielle naturtypar.

Konklusjon

Prosjektet det søkjast om er av mindre karakter, og vil lette utnyttinga av eigedomen monaleg. Det er ikkje registrera artar eller artsmiljø som gjer ytterlegare utgreiingar naudsynt, og tillating til inngrepet kan gjevast slik det er søkt om.

Dokument i saka

Med helsing

Per Wraa

*landbruksrådgjevar
Kultur, næring og fritid*

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
AT Skog

Informasjon om retten til å klage

Jf. forvaltningslova § 28, kan du klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til mottakar. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut.

Klaga sender du skriftleg til Vinje kommune. Skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringane som er ynskjeleg og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.